

## JON FOSSE

Bli rekna som ein av vår tids viktigaste forfattarar. Tekstane hans er omsette til over 40 språk, og skodespela er sette opp over tusen gonger over heile verda. Fosse har motteke ei uendeleg rekkje prisar bade i inn- og utland, blant anna Den internasjonale Ibsenprisen, og han er av kritikarar blitt omtalt som det 21. hundreårets Beckett.

## ANNE MARIT JACOBSEN

Er ein av dei mest allsidig begåva skodespelarane vi har. Med sitt særmerkte talent og mykje menneskeleg klokskap har ho gjeve liv til ei heil rekkje **skikkelsar** som har vorte stående i vårt medvit, anten dei har levd på teaterscena, i radio, på fjernsyn, eller film. Ho har vore tilsett på Nationalteatret sidan 1969.

Ho har vorte **belønna** med eit mangfald av prisar. Det **skulle berre mangla**.

## RUTH WILHELMINE MEYER

Er songar og vokalutforskar med stort stemmespenn. Med sitt særprega klangunivers inngår ho i ulike, ofte tverrkunstneriske produksjonar, frå operaer og andre musikkteatraliske verk, til orkester-, duo-, og soloformat som ho turnerer med i Europa, Asia og Afrika. Ho skaper oftast sjølv sin eigen musikk, men fleire komponistar har og spesialskreve musikk til henne.

Ho har for tida 3-årig kunstnerstipend. [www.wilhelmine.no](http://www.wilhelmine.no)

## HELGE LIEN

Er jazzpianist og komponist, mest kjend frå sin eigen "Helge Lien Trio" som har turnert **jamnleg** i Skandinavia, Europa, Asia og Canada sidan 2001 og gitt ut til saman sju plater. Helge mottok i 2008 Kongsberg Jazzfestivals Store Muskarpris (DnB NOR-prisen), og i 2007 "Hansaprisen" under Nattjazz i Bergen. Han er tilsett på Norges Musikkhøgskole. [www.helgelien.com](http://www.helgelien.com)